

**Fridom til å
vere seg sjølv
og elske den
ein elskar**

SV



Kampen er ikkje over

Vi feirar retten til å vere den ein er, og til å elske den ein elskar. Og vi feirar mangfaldet av seksuell orientering, kjønnsuttrykk og kjønnsidentitetar.

Skeive sin rett til å leve utan å måtte sjå seg over skuldra burde vere sjølvsgt. Det er det ikkje for alle i dag. Terror retta mot skeive, hatkriminalitet, konspirasjonsteoriar og at regnbogeflagget ikkje heng trygt, vitnar om at kampen framleis er aktuell – og like viktig.

SV har alltid vore ein pådrivar for skeiv politikk, og har stått saman med den skeive rørsla for å kjempe fram politiske gjennomslag for tryggleik, rettar og likeverd. Vi vil halde fram kampen for eit trygt samfunn der alle har fridom til å vere den dei er og til å elske fritt.

Happy pride!

SV vil:

- ta opp kampen mot all diskriminering, vald og trakassering på grunnlag av seksuell orientering og kjønnsuttrykk
- auke støtta til organisasjonar som jobbar med å styrkje skeive minoritetar sine rettar og livssituasjon
- ha ein tredje juridisk kjønnskategori
- nedkjempe diskriminering i arbeidslivet ved å auke kompetansen, og gi god rettleiing og oppfølging av dei som opplever diskriminering
- avvikle behandlingsmonopolet til Rikshospitalet, og endre krava for kjønnsbekreftande behandling

Les meir om vår
LHBTIQ+-politikk her:



Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn
i SV her:

